

# Studenttingsmøter 2017-18

Referat nr 2/17-18

Møtedato 01.11.17



## Referat frå studenttingsmøte 01.11.17

**Tid** 01. november 2017 kl 17.00-19.30

**Stad** BK 158

**Til stades med stemmerett:**  
11 representantar

**AHL:** Sara bergland (H), Lillian Gåsemyr (H)  
**AKF:** Sigmund Bratlie (H), Trym Nikolas Rimmen (H)  
**AMF:** Marion Kristine Gustavsen (H), Bernt Inge Berge (H)  
**ASH:** Alexander Økland (H), Trond-Fredrik H. Hoddevik (V)  
**FR:** Allan Levi Melby (H), Hanna Hauan (H), Ane Buner (V)

**Til stades utan stemmerett:**

**AU:** Håvard Bjørnerem (leiar), Simen Langeland (informasjonsansvarleg), Guro Kvist (velfedsansvarleg), Oda Næs Skoglund.

**Fast møtande:** Tonje Nordrum (ordstyrar), Marit Aklestad (referent)

**Andre:** Tormod Smedsvig (SiVolda), Stine Lund Trøan, Jonas Been Henriksen (fotograf), Trygve Taranger, Margrete Munthe Vassbotn (sak 14), Mira Christine Marcussen og Astrid frå Jussbuss (sak 14), Sunniva Agnete Trøen (sak 15), Nikolai Hannevik Nordlid (sak 15), Mats Hjelmeland (sak 15) Rune Sæbønes (sak 17), Anbjørn Frislid (sak 17), Roy Farstad (sak 17).

**Forfall** Natalie Beitveit (FR), Andrea Fremmerlid (ASH), Serghei Levenco (kontrollkomitéen), Paloma Lorenzale Alonso (AU)

Saksliste	Type sak	Merknad
Sak 12 – Opprop, val av møteleing, godkjenning av innkalling og dagsorden	Vedtakssak	
Sak 13 – Godkjenning av referat	Vedtakssak	
Sak 14 – Orienteringar	Orienteringssak	
Sak 15 – Orientering frå Faddervekestyret 2017	Orienteringssak	
Sak 16 – Canvas	Diskusjonssak	
Sak 17 – PRIDE	Vedtakssak	
Sak 18 – PR-gruppe	Vedtakssak	
Sak 19 – Profilering av Studenttinget	Vedtakssak	
Sak 20 – Julebord og hyttetur	Vedtakssak	
Sak 21.1 – Eventuelt: behov for suppleringsval	Diskusjonssak	
Forventningar til året i Studenttinget	Gruppearbeid	Utsett
Møtekritikk		

# Studenttingsmøter 2017-18

Referat nr 2/17-18

Møtedato 01.11.17



## **Sak 12 – 17/18 Opprop, val av møteleing, godkjenning av innkalling og dagsorden**

Type sak: Vedtakssak

---

### **Namneoppnop**

11 røysteføre. Studenttinget er vedtaksdyktig.

### **Val av møteleing**

Tonje Nordrum vert vald til ordstyrar

### **Godkjenning av møteinnkalling og dagsorden**

Merknad til innkallinga:

- korrigert utgåve av rekneskapet til Fadderveka vart delt ut i møtet.

Merknader til dagsorden:

- 1 sak meldt inn til eventuelt.
- Gruppearbeidet «forventningar til året i Studenttinget» vart føreslått utsett

#### **Vedtak:**

Tonje Nordrum vert vald til ordstyrar.

Møteinnkallinga godkjenner innkallinga, med ovanstående merknader.

Studenttinget godkjenner dagsorden, med ovanstående merknader.

## **Sak 13 – 17/18 Godkjenning av referat**

Type sak: Vedtakssak

---

Ingen merkander.

#### **Vedtak:**

Studenttinget godkjenner referatet frå sist studenttingsmøte, 04. oktober 2017

# Studenttingsmøter 2017-18

Referat nr 2/17-18

Møtedato 01.11.17



## Sak 14 – 17/18 Orienteringar

Type sak: Orienteringssak

Sakshandsamar: Håvard Bjørnerem

---

Jussbuss v/ Mira Christine Marcussen orienterte om deira tilbod om fri rettshjelp og juridisk bistand.

Høgskulen i Volda v/ Margrete Munthe Vassbotn orienterte om Studiebarometeret.

Studentsamskipnaden i Volda v/ Tormod Smedsvig orienterte om utviklinga i byggjeprojektet nye studenthyblar. Planen er at dei 118 bueiningane skal stå klare til innflytting i januar 2019.

Studenttingets Marion Kristine Gustavsen orienterte frå NSOs haustkonferanse.

Arbeidsutvalet v/Håvard Bjørnerem orienterte om:

- Arbeidsgruppe for revisjon av vedtektene til STiV og seminar på Sæbø
- Val av nytt faddervekestyre
- Styreseminar ved HVO, med skriftleg informasjon frå studentrepresentant Marie Havnsund
- Miljøfyrårn, invitasjon til møte 8. november
- Reglar for permisjon i Studenttinget og skriftleg levering av endringsforslag
- Konferansen Students at Risk og besøk av SAIH (Studentenes og Akademikernes Internasjonale Hjelpfond) 16. november

Det var ope for spørsmål.

# Studenttingsmøter 2017-18

Referat nr 2/17-18

Møtedato 01.11.17



## **Sak 15 – 17/18 Orientering frå Faddervekestyret 2017**

Type sak: Orienteringssak

Sakshandsamar: Paloma Lorenzale Alonso/Guro Kvist

---

Faddervekestyret v/ leiar Nikolai Hannevik Nordlid orienterte om årets fadderveke og la fram rekneskap for arrangementet. Største endringa dette året var å leggje Fadderveka over to veker, noko som fungerte godt. Eit anna vellukka grep var å ha eigne fadderleiarar med ekstra ansvar. Styret vart redusert frå fem til fire styremedlemer før ferien, og dei fire fekk difor ekstra mykje å gjere.

Styret oppsummerer ei vellukka Fadderveke utan større uhell, og har fått mykje positive tilbakemeldingar frå studentane. Økonomisk gjekk også Fadderveka 2017 i pluss, noko som gjev ein god buffer til neste år, med gode moglegheiter til å lage større event.

Faddervekestyret sin rapport for 2017 vert lagt ved referatet.

Det var høve til å stille spørsmål.

# Studenttingsmøter 2017-18

Referat nr 2/17-18

Møtedato 01.11.17



## Sak 16 – 17/18 Canvas

Type sak: Diskusjonssak

Sakshandsamar: Oda Næs Skoglund

---

Fagansvarleg Oda Næs Skoglund er invitert til å snakke om LMS og Canvas frå eit studentperspektiv på eit mini-seminar den 16. november, og ba difor Studenttinget om å kome med innspel.

### Overgangsperioden:

- Stor variasjon mellom fag og avdelingar, men generelt inntrykk er at tilsette ikkje har fått god nok opplæring.
- Førelasarar/faglærarar legg dokument i feil mapper, romreservasjonar har vore feil, lærar har uteblitt frå undervisning, semesterplanar og emneplanar ligg ute i feil versjon osv.
- Mange studentar finn det uoversiktleg og vanskeleg å finne fram på Canvas. Slit med å levere arbeidskrav, og får ikkje nytta dei funksjonane som er der.
- Studentar treng også betre opplæring. Kunne ha lagt ei førelæsnings/kurs for studentar om Canvas på starten av studieåret, t.d. ifm. Fadderveka
- Nokre førelasarar (sosionom/barnevern) har laga gode infovideoar. Desse bør delast med alle studentar

### Forslag til forbetringar

- Stor forskjell på appen i android og apple-oppsettet skaper frustrasjon og forvirring
- Varselfunksjonen i appen fungerer ikkje optimalt. Varselet fører studentane til framsida av Canvas, ikkje rett til saka varselet gjeld.
- Saknar funksjonen frå fronter der ein fekk opp «nyleg lagt til»
- Dumt at det ikkje er tilgang på mailen gjennom canvas.
- Dokument blir lagt i office365 i staden for Canvas – studentane må sjekke fleire plattformer
- Lærarar sjekkar ikkje meldingane sine, studentar får ikkje svar.
- Kalenderfunksjonen er mangelfull, manglar delingsfunksjon. Burde kunne koplast til kalenderen på mobilen. Det finst ein app, «studentkalenderen», som har god utforming, den kan brukast som mal.

### Fråver

- Stor svakheit at fråver ikkje vert ført i Canvas.
- Faglærarar har ulik praksis, har eigne excel-ark osv.

# Studenttingsmøter 2017-18

Referat nr 2/17-18

Møtedato 01.11.17



- Studentar har ikkje moglegheit til å sjekke om det fråveret som er ført, er korrekt. Vanskeleg å skulle rekne seg tilbake til august for å rekonstruere fråveret. Skaper usikkerheit for studentane.

## **Positive tilbakemeldingar**

- Oppsettet er bra. Kjem raskare fram dit du vil. Meir oversiktleg enn fronter.
- Estetisk fint program.
- Verktøyet er nok bra i seg sjølv, men får ikkje nytta dei funksjonane som er der.
- Sosionom/barnevern er godt nøgde med både opplæring og bruk. Dei opplever at faglærarar nyttar canvas godt, kalenderen er oppdatert og studentane får alle kunngjeringar som dei skal. Her er det noko å lære for andre avdelingar.

Det vert ikkje gjort vedtak i diskusjonssaker.

# Studenttingsmøter 2017-18

Referat nr 2/17-18

Møtedato 01.11.17



## Sak 17 – 17/18 PRIDE

Type sak: Vedtakssak  
Sakshandsaming: Håvard Bjørnerem

---

Styret i Ørsta/Volda PRIDE v/ Rune Sæbønes, Anbjørn Frislid og Roy Farstad orienterte. Det er no etablert ein organisasjon og eit styre. Styret opplever eit stor engasjement rundt saka, ikkje minst gjennom sosiale medium.

Styret ynskjer seg eit så breitt arrangement som mogleg, som skal nå ut til særleg dei unge, og vere positivt vinkla. Det skal ikkje vere eit protestarrangement, men ei inkluderande feiring av likestilling og mangfald. Organisasjonen FRI (Foreningen for kjønns- og seksualitetsmangfold) og Rosa kompetanse er kopla på. For å nå breitt ut til studentar og unge, er det ynskjeleg at STiV og Studentsamfunnet vert med som medarrangørar.

10.-13.mai er sett som ramme for arrangementet. Det er mange idear til programinnslag, slik som parade, appellar, musikkarrangement osv, men førebels er alt i idemyldingsfasen.

### **AU sitt forslag til vedtak:**

Studenttinget vil vere medarrangør på PRIDE-markeringa våren 2018 og set ned ei arbeidsgruppe bestående av maks. 5 personar, ekskludert AU.

**Votering:** einstemmig vedteke

### **Tilleggsforslag 1** (Håvard Bjørnerem):

Arbeidsutvalet får retten til å setje ned ei arbeidsgruppe på fem personar

### **Tilleggsforslag 2** (Allan Levi Melby):

AU set ned ei gruppe bestående av 5 representantar frå STiV og/eller andre opne plassar.

Sidan tilleggsforslaga var relativt like, trekte Allan sitt forslag.

**Votering:** tilleggsforslag 1 einstemmig vedteke.

**Vedtak:** Studenttinget vil vere medarrangør på PRIDE-markeringa våren 2018 og set ned ei arbeidsgruppe bestående av maks. 5 personar, ekskludert AU. Arbeidsutvalet får retten til å setje ned ei arbeidsgruppe på fem personar

# Studenttingsmøter 2017-18

Referat nr 2/17-18

Møtedato 01.11.17



## Sak 18 – 17/18 PR-gruppe

Type sak: Vedtakssak  
Sakshandsamar: Simen Langeland

---

Simen Langeland orienterte om bakgrunnen til at AU vil opprette ein PR-gruppe som vil arbeide med korleis STiV kan profilere seg og sakene vi jobbar med betre. Grappa vil bli leia av informasjonsansvarleg Simen Langeland, og AU ynskjer å ha med to personar frå Studenttinget.

### **AU sitt Forslag til vedtak:**

Studenttinget utnemner to personar til å vere med i den nye PR-gruppa.

Votering: einstemmig vedteke.

**Tre personar meldte si interesse:** Marion Kristine Gustavsen, Allan Levi Melby og Hanna Hauan.

**Votering:** akklamasjon.

**Vedtak:** Studenttinget utnemner to personar til å vere med i den nye PR-gruppa.

Marion kristine Gustavsen, Allan Levi Melby og Hanna Hauan vart valde til PR-gruppa.



# Studenttingsmøter 2017-18

Referat nr 2/17-18

Møtedato 01.11.17



## Sak 19 – 17/18 Profilerings av Studenttinget

Type sak: Vedtakssak  
Sakshandsamar: Simen Langeland

---

Studenttinget diskuterte om dei ville bruke deler av resterande midlar på 2017-budsjettet til gensarar/t-skjorter.

**Forslag til vedtak (AU):** Faste representantar i studenttinget får moglegheit til å velje å bestille anten t-skjorte eller genser. Design-utkast bestemmast av profileringsgruppa.

**Votering:** vedteke med 8 mot 3 stemmer

**Forslag til tilleggspunkt (AU):** profileringsgruppa får i oppgåve til neste møte, gjerne før, å lage ein plan for bruk av midlar etter genser-innkjøp. Dei tek imot innspel via facebook.

**Votering:** vedteke med 10 mot 1 stemme

**Vedtak:** Faste representantar i studenttinget får moglegheit til å velje å bestille anten t-skjorte eller gensar. Design-utkast bestemmast av profileringsgruppa. Profileringsgruppa får i oppgåve til neste møte, gjerne før, å lage ein plan for bruk av midlar etter genser-innkjøp. Dei tek imot innspel via facebook.

# Studenttingsmøter 2017-18

Referat nr 2/17-18

Møtedato 01.11.17



## Sak 20 – 16/17 Julebord og hyttetur

Type sak: Vedtakssak  
Sakshandsamar: Guro Kvist/Oda Skoglund

---

Studenttinget har tradisjon for å kombinere julebord med ein hyttetur for alle i Studenttinget, inkludert varaer og AU. Oda og Guro er valde av AU til å organisere turen, og treng ein dato å planleggje ut i frå. Oda har difor gjennomført ei spørreundersøking i den interne facebook-gruppa. Laurdag 25. november, med overnatting til søndag, var den dagen flest kunne.

**Forslag til vedtak 1 (AU):** Dato for hyttetur blir 25. november med overnatting til søndag

**Forslag til vedtak 2 (Guro Kvist):** Dato for hyttetur blir 24. november

Guro Kvist trekte sitt forslag.

**Votering:** Forslag 1 Vedtatt med 10 mot 1 stemme.

**Vedtak:** Dato for hyttetur blir 25. november med overnatting til søndag

# Studenttingsmøter 2017-18

Referat nr 2/17-18

Møtedato 01.11.17



## **Sak 21 – 17/18 Eventuelt: Suppleringsval i Studenttinget**

Type sak: Diskusjonssak

Sakshandsamar: Bernt Inge Berge

---

Bernt Inge Berge tok opp problemstillinga knytt til at fleire i Studenttinget skal på utveksling eller har lange praksisperiodar til ila. vårsemesteret, noko som skaper behov for suppleringsval.

Håvard Bjørnerem orienterte om korleis dette har vore gjort tidlegare, ved at vara-representantar rykkjer opp, og at AU lyser etter nye vararepresentantar. Eit suppleringsval må leggjast fram og godkjennast av Studenttinget.

AU fylgjer opp saka vidare.

*Møteslutt ca kl 19.30*